

Om framlegg til ny nynorskrettskriving

Hovudinntrykket er at nemnda har utført oppdraget sitt på ein god måte og balansert klokt mellom ulike omsyn. Når ein først skulle lage ei strammare norm, og det var det vel gode grunnar til, så verkar det rett å ta ut bl.a. former som *boki*, *jentone* o.a., men og kløyvd infinitiv. Det er tydeleg at grunnlaget for norma no tydelegare enn før skal være i ”kjerneområdet for nynorsk”, dvs. vestlandsk, men det kan vel verke som har gått litt vel langt i nokre tilfelle, der ein har teke ut former som har grunnlag mest i austlandske målføre.

Men om hovudinntrykket er positivt, er det sjølvsagt at det finst detaljar der ein synest at nemnda kunne ha komme fram til betre løysingar, og her skal nemnast nokre:

- Det er no lagt opp til at det skal vere valfri samsvarsbøyning ved svake verb, men ikkje sterke, og slik både i attributiv og predikativ stilling. Dette er ikkje noko god løysing. Det er ikkje så lett å skilje mellom sterke og svake verb for alle, og fleire sterke verb har dessutan svake partisipp, noko som gjer dette enda meir innfløkt. Det er også vanskeleg å sjå at det er behov for valfridom i attributiv stilling. Ei både enklare og betre løysing ville vere å seie at samsvarsbøyning er obligatorisk i attributiv stilling, men valfri elles.
- Ein lite påakta detalj er at ein vil at det berre skal heite *kapittelet* mot no *kapittelet* eller *kapitlet*. I seg sjølv er dette ikkje så stor sak, men det rører ved eit problem, for dermed fjernar ein seg frå bokmål, som har valfridom her. Det er no så at kvar målform no skal utvikle seg sjølvstendig, men behøver ein lage større skilnader enn nødvendig? Det er like god eller dårlig grunn for begge skrivemåtar i nynorsk som i bokmål. Og kvifor da endre på det? For nokså nær hundre år sidan kom lærarorganisasjonane med eit ønske om at skrivemåtane i riksmål og landsmål burde vere meir like der det ikkje var god grunn for ulike skrivemåtar. Dette ønsket førte i si tid fram til 1917-rettskrivinga, der eitt av måla for reforma var å samordne skrivemåtane mellom målformene. Grunnen til at lærarane kom med dette ønsket, var at sidemålet hadde komme inn i skolen, og at elevane no møtte begge målformer. Det gjer dei framleis. Så om nemnda meiner at skriftleg opplæring i sidemålet skal halde fram, så bør ein ikkje gjere nynorsken meir ulik bokmålet der det ikkje er nødvendig. Men om skriftleg sidemål blir avskaffa, står ein sjølvsagt friare til å utforme kvar målform for seg.
- I framlegga ligg det at dei gamle landsmålfomene med *boki* og *jentone* blir tekne ut. Da verkar det merkeleg at *so* no skal takast inn att i rettskriving. Dette er ei gammal landsmålfom som har vore ute i mange tiår, og som hører til same nynorskvarietet som *boki* og *jentone*, og da er det liten grunn til å ta forma inn att og komplisere skrivemåten her, i strid med formålet med denne reforma. Eg har hørt nyss om at ein her har sett dette i samanheng med *no/nå*, men både språkhistorisk og når det gjeld utbreiing er desse tilfella ikkje parallelle.
- Det verkar underleg at ordet *skole* skal ut. No står vel ordet *skule* sterkare i dei områda i landet som ein no ser på som normgrunnlag. Men forma *skole* er godt etablert i nynorsk, og så kjem det ei praktisk sak til: Ordet *skole* finst i mange namn, som *Høgskolen i Oslo*. Om *skole* ikkje lenger er samform for begge målformer, må alle slike skolar, i allfall dei statlege og truleg mange andre, få dobbelnamn, som vi har i *Norges bank / Noregs bank*, altså *Høgskolen i Oslo / Høgskulen i Oslo*. Og da kan resultatet (med ny regjering i 2013) lett bli *Høyskolen i Oslo* i bokmål.

- Nemnda har ikkje teke opp forma *Noreg*, og eg har forstått det slik som at det ikkje låg innafor mandatet til nemnda. Eg synest at nemnda likevel skulle ha behandla det, for dette er ei viktig sak når ein skal drøfte korleis nynorsk skal sjå ut i framtida, og slik sett er dette ordet viktigare enn mange böyingformer. Det er no på høg tid å gå over til *Norge* eller jamstelle formene. Det er vanskeleg å tenke seg noko anna i nynorsk som i den grad verkar til å gje inntrykk av ei målform som ikkje er i pakt med si tid, og som derfor gjer at mange potensielle nynorskbrukarar vel bokmål i staden. Og det er jo synd.

Denne fråsegna er skriven av Svein Lie på vegner av faggruppa nordisk språk. Det har ikkje vore tid og høve til drøfting av innhaldet internt.

Oslo, 25. februar 2011

Svein Lie